

Kinnlia – Kinnlien (gnr. 20)

Kinnli: Namn der førsteleden opphaveleg kan ha vore kinn, fjellside eller tjarn, tjern, som i bygdemålet blir uttala tjinn. Skrivemåten av namnet har vore skiftande, men som regel slik at det var godt kjenneleg. Namnet blir i bygdemålet ennå bøyggt i dativ: Døme: Kinnlia er namnet. Brukaren kjøpte Kinnlia, men han var frå Kinnlien og budde i Kinnlien.

I skrivne kjelder er det i ei jordebok av 1624 vi først finn garden omhandla. Namnet er da skrive Kienlj, og brukar der var da Erich. Samtidig er det ellers fortalt at Erich Kienlj og var jordeigande bonde og åtte jordegods til 4 skinn landskyld i Løysnes i Ringebu. I manntalet for Kopskatten 1645 er namnet på brukaren skrive Erich Kindliden, og det er vidare fortalt at han da var gift og svara den utskrivne ekstraskatten for kona si og seg sjølv med ½ mark i pengar. Av det sers pålitelige ”Register for Kvegskatten 1657” er det dertil å sjå at husdyrhaldet i Kinnlien da var: 2 hopper, 8 naut, 4 geiter og 8 sauer og at Erich framleis var brukar der.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Kindlien” fortalt at det var to bruk som hadde dette namnet. Det største bruket, sjølve Kinnlien gard var da krongods av skyld ½ hud eller 6 skinn. Det andre bruket ”Kindlien” var eit ”Engeland under Rønne” av skyld 1 skinn eller 3 merker smør som og var krongods. – Om sjølve Kinnlien er det vidare fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 1 hest og 6 naut, og at den årlege korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tønner. Vidare er det og oppgitt at Kinnlien alt da hadde seter og sommerbeite for krøtera på ”Dødsetter”, som truleg er ein lese- eller skrivefeil for ”Døsseter”

Sju år seinare hadde det i 1693 vore brukarskifte, og den nye brukaren og bygslaren der er kalla Jens Kindlien. Det er vidare opplyst at Kinnlien da hørde med i 3. soldatlegd for Fåberg saman med Hattestad, Døsen, Røine, Furu, Borud, Boleng, Mellum og Bratberg. Samtidig går det og tydeleg fram at Jens hadde to søner som var rulleført, nemleg Erich Jensen, som var 20 år, og Ole Jensen, 16 år. To år seinare skjedde så det store skiftet at kaptein Leegaard og Anna Werdelsman i 1695 gav skjøte til Jens Knudsen på ”grd. Kindli av skyld 6 skind med bøkssel”. Ein merke seg at gardnamnet her atter har den korte form ”Kindli”. Tjuge år seinare hadde i 1715 Jens Knudsen Kindlien fått skjøte frå ”Jomfru Jorge Catrine” på 2 skinn i Øvre Kindlien av skyld 2 skinn, ”som hun hadde odelsrett til”.

Men etter atter fem år spurdest det at husbonden Jens Knudsen var død, og den 15. juni 1720 var det arveskifte i ”Kindlien i Lillehammer i Faaberg”. Ved dette skiftet vart elles jordegodset i arvebuet verdsett til ”4 skd 2 1/3 fetling paa hver lod” og buet utgjorde brutto 80 rd. og netto 75 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka etter Jens Knudsen i hans 2. ekteskap, Sidsel Jensdtr., dei 5 borna hans. Av dei var 3 av hans første ekteskap, nemleg med Rønnaug Eriksdtr., og to var av hans siste ekteskap. Borna var: 1. Erik, som da var 56 år, 2. Ingri, som var gift med Niels Lien, 3. Kari, som var gift med Jacob Bratberg, 4. Peder, som da var 35 år, 5. Rønnaug.

Av 8. juni same år er elles ei sak mellom to av desse brørne, og saka som her er av ei viss interesse er etter utskrift av tingboka sålydande:

”Kinnlien i Fåberg.
8.juni 1720

Erik Jensen Skaug av Brøttum har innstevnt sin bror Peder Jensen Kindlien til at møte med deres fars adkomstbreve til Kindlien, da citanten mener sig nærmere berettiget til å utløse de yngre søskende av godset.

Avskediget: Da intet skifte så vidt godset angår er skedd efter citantens far Jens Kindlien, så henvises Erik Jensen Skougs åsætesrettssøking til arveskiftet, da han som sin fars eldste søn bør nyde åsætet til hovedbøllet, såfremt samme finns å være odell, og de andre søsken lade sig nøie med hva de efter skiftet kan tilfalle av annet gods.”

Saka endra elles ikkje den tidlegare avgjerd at sonen Peder Jensen, som da altså var 35 år, skulle overta farsgarden Kinnlia. Men Peder betalde med det same 210 rd. for odelsretten til eldstebror Erich.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Kindlien med Kindlien Engeland” vidare fortalt at garden da var ”Oppsidderen Peder Jensen med sin Moder og Søsken tilhørig”. Buskapen på garden hadde da auka til: 3 hestar, 17 naut, 20 sauer og 8 geiter, og den årlege utsæd i den tid utgjorde kring 3 ½ tønne bygg og litt rug. Det var skog til brenneved, gjerdefang og hustømmer, men setra hadde berre ”maadelig hamn”. Det er og oppgitt at garden var tungbrukt, men jordarten var temmeleg god, men litt ”koldlent”. Dessutan går det og tydeleg fram at det til Kindlien da var minst ein husmannsplass med brukande jord.

Av år 1725 er ei sak som galdt bruket Knippen på vestsida av elven Rinna. Fogd Stenersen gav da bevillingsseddel til Peder Jensen Kindlien på ”en høløkke kaldet Knippen, hvorav han svarer for 3 læss hø 6 skl. Bygsla var elles ei fornying av ”den gamle seddel som var utgivet av Coldevin 25. novbr. 1698.” Fleire opplysningar om dette same bruket går og fram av ei synfaringssak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Knippen under Kindlien, Faaberg.

8. okt. 1732

Besiktigelse.

På dette engeland er ingen vidare aker uten hva en husmann ved navn Peder Thomesen har oppryddet. Han nedsatte sig med Peder Kindliens tilladelse for 6 år siden. Han beretter at han har brutt aker og ryddet så han nu kan så 5 skjepper korn, føde 2-3 nøt og 10-12 småkreaturer. Av dette engeland har han hittil svaret 18 skl. årlig under Kindlien og Hoff.

Peder Kindlien beviser med fogdens bevillingsseddel at Knippen er bevilget under hans gård Kindlien til brukelighet og tilhører Kongens alminding. Skyldsettes til 1 skind, hvorav svares skatt og landskyld til Kongen under Kindlien. Husmannen i Knippen bør ikke være de sætrende i Veslesæteren til fornærmelse i deres sæterhavn.”

Peder eller Per Knippen som han vart kalla i grenda, vart elles etter kvart ein nærpå legendarisk person når det galdt bjørnejakt. Både staden han budde på og lynne hans trekte han inn i denne vågsame bjørnejakta. Eingong skal han såleis ha skote 3 bjørnar på same turen, og det gjekk slik for seg: Han rekte på slaga etter ei binne med 2 ungar og kom dei på skotmål. Men da jaga binna bae ungane opp i ei stor gran, før ho sjølv i kutande hopp sprang mot urostiftaren. Men Per var enda raskare og skaut binna ned med eit skot rett i bringa. Etter på var det så god tid for Per til å lade munnladningsbørsa på ny og skyte ned ungane. Ja, slik fortalde morbror Kristian Kindlien dette om han ”Pær skytter”.

Ein annan bjørneskyttar, som Per og jakta mykje saman med, var Nils Lien i Saksumsdalen, og frå 1737 er det såleis fortalt at dei to karane var i Hovudstaden og selde bjørnehuder ”på siste Chr. a market”. Nils Lien handla enda med ”Monsr. Erich Børresen”. – Men dei to storviltjegerane kunne og bli storleg usams. Om det handlar ei tinglyst sak som ganske kort er bokført slik:

”Fliflet i Fåberg

16. febr. 1737.

Niels Amundsen Ødegaarden (Lien) har innstevnt Peder Knippen fordi han Allehelgensdags morgen og aften har skjeldt citanten med ærerørige ord og dratt han i håret ut av sengen. Etter Peder Knippens begjæring utsattes saken til neste ting”.

Tilslutt om dette tek vi enda med ei sak, som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Knippen i Fåberg.

Fliflet i Fåberg 15. febr. 1738.

Peder Jensen Kindlien har ved prok. Storm innstevnt sin husmann Peder Thommesen Knippen fordi han ikke vil efterleve et forlik som ble inngått mellem dem den 15. juni 1737, hvorefter Citanten skulde betale Peder Knippen 40 rd. for den lille rydning han hadde bekostet på hans eiendele.

Etter Peder Knippens påstand utsattes saken til neste ting.

Fliflet 18. juni 1738.

Forlik: Peder Jensen Kindlien skal betale Peder Thommesen Knippen 50 rd. for hans rydning og arbeide på plassen samt for husene. Peder Knippen blir sittende på plassen ennu i 3 år, 1738, 39 og 40, men faredag 1741 skal han fravike og ryddiggjøre bemeldt plass Knippen, for Peder Kindlien som har bøslet plassen under sin gård. Imidlertid skal Peder Thommesen holde huse vedlike.”

I 1747 gav fogden ny bygselseddel til Peder Kindlien på plassen Knippen, da framleis av skyld 1 skinn.

Den aktive og sikkert dugande husbonden Peder Jensen brukte Kinnlia til han døde i 1750, og det var da arveskifte i ”Kinnlien i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, ”Kindlien av skyld 9 skind” verdsett til 240 rd., og arvebuet utgjorde brutto 930 rd. og netto 860 rd., så det var velstand vorte i Kinnlien. Arvingane ved skiftet var forutan enka Guri Olsdr., dei 4 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Ole, da 25 år og soldat, 2. tvillingsøstra Sidsel, 25 år, 3. Jens, 21 år, 4. Anne, 19 år.

Så å seia samtidig med skiftet fekk så eldste sonen, Ole Pedersen Kindlien, søskenskjøte på garden for kjøpesum 240 rd. Da hadde han elles alt fått 2 bygselsedlar frå fogden: a. bygselseddel på pl. Knippen av skyld 1 skind, b. bygselseddel på ”halvparten i Sjøens fiskevann (Sjogen ell. Sjogvatnet) av skyld 3 skinn.

Av 1751 er og ei sak om husmannsplassen Kindlistuen ell. Kinnlistugua som namnet blir uttala i bygdemålet. Den nye husbonden Ole Pedersen Kindlien gav da bygselseddel til Lars Pedersen på ”en under hans gård Kindlien til og underliggende husmannsplads Kindlistuen kaldet beliggende ved akerjordet mot årlig husleie 2 ½ rd. i årsarbeide og 4 høidage”.

Odelsarvingen Ole P. Kindlien f. 1725, som dermed tok over som eigar og brukar av garden, hadde i 1751 gifta seg med Sønnøv Amundsdr., og dei fekk 10 born. Det var: a. Peder f. 1752, b. Kari f. 1754, c. Amund f. 1757, d. Guri f. 1759, e. Christen f. 1762, f. Sidsil f. 1764, g. Randi f. 1767, h. Nils f. 1770, i. Ingeborg f. 1773, j. Marit f. 1777.

I denne husbonden si brukartid var det elles atter ei sak om odelsretten til Kinnlien, og saka som gir nyare opplysningar om ætta, har etter utskrift denne ordlyden:

”Kinnlien i Fåberg.

12. april 1755

Erich Thommessen Schjeggestad har ved sin bror Hans Thommessen Schjeggestad innstevnt oppsidderen på grd. Kindlien Ole Pedersen ang. citantens odelsrett til grd. Kindlien. Avsagt: ved dom av 15. septb. 1721 ble grd. Kindlien tilkjent citantens morfar Erich Jensen Skoug som eldste søn av Jens Knudsen Kindlien som hadde innkjøpt gården. Men Erich Jensen solgte alt i 1723 sin åsætesrett og sin arvede andel i Kindlien til sin halvbror Peder Jensen, som også innløste de øvrige søskendes arvelodder og derved ble eier av Kindliens 8 skind og gården har siden fulgt ham og hans søn, kontracitanten Ole Pedersen i 32 år. Ti kjennes for rett at grd. Kindlien herefter som hittil bør forbli oppsidderen Ole Pedersens sande odel og eiendom. Omk. oppheves på begge sider”.

Frå denne tid går det og tydeleg fram at det nok budde familiar på fleire husmannsplassar og andre heimar i/eller ved Kinnlien. I 1755 og 1758 var det såleis dåpsbarn hos Ole v/Kinnlien, i 1760 var det dåpsbarn hos Johan og Berit Kinnlien, i 1765 hos Ole og Sønnøv v/Kinnlien og i 1769 og 1770 hos Peder og Marit v/Kinnlien.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 3 familiar i og/eller ved Kinnlien. Dei var:

1.familie: 1. Peder Olsen, husbonden, 50 år, 2. Marit Johannesdr., kona hans, 38 år, 3. Ole Pedersen, son deira, 17 år, 4. Johannes, son deira, 12 år, 5. Amund, son deira, 6 år, 6. Ole, son deira, 3 år, 7. Sidsill Pedersdr., dotter deira, 8 år, 8. Christen Olsen, tenestkar, 38 år, 9. Guri Olsdr., tenestkvinne, 40 år, 10. Marit Olsdr., tenestkvinne, 34 år, 11. Halvor Amundsen, ”Indlægds Lem”, 15 år.

2.familie: 1. føderådsmann Ole Pedersen, 78 år, 2. Sønnøv Amundsdr., kona hans, 74 år.

3.familie: 1. Iver Christensen, husmann med jord, 35 år, 2. Kari Christensdr. kona hans, 51 år, 3. Christen Iversen, son deira, 9 år, 4. Marit Christensdr., mor til mannen, ”Inderste og nyder Almisse”, 70 år.

Husbonden Peders Olsen f. 1752 brukte så odelsgarden til i 1807, da han skjøta Kinnlia over til eldste sonen sin, Ole Pedersen f. 1784, for kjøpesum 690 rd. + føderåd til foreldra resten av levetida. Fem år seinare finn ein og bruket Knippa atter omhandla. Det var da foged Lyng som gav den nye brukaren bygselseddel på ”engeslettet Knipen”, så bruket var altså framleis krongods.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Kindlien m/Knippen” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar

og 16 naut, og at den årlege kornavlinga da utgjorde kring 48 tønner. Det er vidare oppgitt at garden framleis hadde 2 husmannsplassar.

Den 25. januar 1831 var det stort dobbeltbryllup i Kinnlien. Dei to tvillingsøstrene der Marit og Sønnøve gifta seg da med ei to brørne Ole Olsen og Christopher Olsen Døsen, og vidare utvikla det seg så slik at Marit og Ole tok over som husbondsfolk i Kinnlien, og Sønnøve og Christopher vart husbondsfolk i Døsen.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Garden "Kinnlien" fekk da som si nye matrikkelskyld: 7 skylddalar 2 ort, og det var da svigersonen Ole Olsen som hadde tatt over som brukar i Kinnlien, men det var først i 1846 han fekk skjøte på garden. Ni år seinare kjøpte i 1855 Ole Olsen Kinnlien ved kongeskjøte "Engelandet Knippen som Staten tilhørende" for kjøpesum 200 spd. og la det til garden.

Marit Oldstr. Kindlien f. 1811 og Ole Olsen Døsen f. 1807 fekk 12 born, som mest alle vart sterke og verksame menneske. Dei 12 borna var: a. Matea f. 1832, død 1836, b. Ole f. 1834, c. Matea f. 1837, g.m. Andreas Olsen Lien, Saksumsdalen. d. Kristian f. 1837, g.m. enke Berte Pedersdr. Døsen, e. Sessel f. 1841, f. Simen f. 1842, ein kjempekar som utvandra til Amerika og døde der, g. Oline f. 1845, g.m. Olaus Torgersen Kindlistuen, h. Pernille f. 1848, utv. til Amerika og vart gift der, i. Eli f. 1850, g.m. Johan Pedersen Hattestad, j. Martin f. 1852, vanfør, k. Andreas f. 1854 utv. til Amerika og døde der, l. Bernt f. 1857, utv. til Amerika, studerte til prest, men døde ung.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Kindlien oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde, når Knippa er medrekna: 547 mål, og av dette var 91 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at buskapen i Kinnlien med Knippen og andre plassar tilsm. var 3 hestar, 34 storfe og 88 småfe, og at den årlege utsæd der i den tid var ca. 17 tønner korn og 15 tønner settepoteter.

Da hadde elles faren Ole Olsen f. 1807 alt gitt skjøte på Kinnlia av skyld 6 dlr. 2 ort til sonen Ole Olsen f. 1834 for kjøpesum 1 000 spd. og eit føderåd verdsett til 300 spd. – Frå to år seinar er ei tinglyst erklæring frå Ole Kindlien om at han er viljug til å avgi "Damfeste og Grund til en Stoppedam for Tømmerfløtingen i Rinden Elv, i Tilfælde mod Erstatning". Når det her gjeld grunn av Kinnlien, er det altså Rinnflatdammen som er i emning.

Ole Olsen Kindlien f. 1834, som da hadde tatt over som eigar og brukar i Kinnlien var gift to gonger og først med Agnete Mikkelsdr. frå Nordrum i Torpen. Dei hadde i sitt samliv 4 born, nemleg: a. Matea f. 1863, død 1873, b. Anne f. 1865, g. til Skinnerlien i Torpen, c. Matea f. 1868 g. m. Lars Audenhus, d. Oline f. 1872, død 20 år gml. , utv. til Amerika. Men husmora Agnete Kindlien f. 1832 døde alt i 1873, og husbonden Ole Kindlien f. 1834, gifta seg i 1875 oppatt til sitt 2. ekteskap, nemleg med Johanne Eriksdr. Fryjordet, og dei fekk 3 born. Dei var: a. Erik f. 1875, b. Karen Agnete f. 1879, c. Simen f. 1883, og som utv. til Amerika.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og -øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. I denne nye matrikkelen er endeleg gardnamnet skrive "Kinnlien", og den nye samla matr.skyld på garden var da 13,03 mark. Elles var det alt da 3 bruksnr. under gardsnr. 20 Kinnlien. Dei 3 bruksnr. var: a.Grn. 20 brn. 1 Kinnlien av skyld 11,69 mark, som det er

oppgitt at Ole Olsen framleis var eigar eller brukar av, b. grn. 20 brn. 2 Knippen av skyld 0,88 mark, som Kristian A. Bulung da hadde tilhandla seg, c. grn. 20 brn. 3 "Skov" av skyld 0,46 mark, som Kristian A. Bulung og hadde overtatt.

Men i 1893 var husbonden Ole Kindlien f. 1834 død, og ved arveskiftet, som da vart ordna av Erik Frujordet, den 1. juli 1893, fekk Ole Olsen Viste skjøte på grn. 20 brn. 1 Kinnlien for kjøpesum kr. 21 500,-. Garden kom så på handel, og skifta i tida frå 1893 til 1910 eigarar fleire gonger. Ein kan nemne, Ola Byfugelien frå Valdres, Edv. Skåden frå Fron, Knut Flatmo, Kr. Bakken og Hans Løkken. Fleire av eigarane i denne tid hausta hardt i skogen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at det ved handel var vorte 7 bruksnummer under gardsnummer 20 Kinnlien. Dei 7 bruksnr. var: a. Grn. 20 brn. 1 Kinnlien, som H. Torsen Løkken da hadde overtatt, b. brn. 2 Knippen og brn. 3 Skog, som Jørgen Ouren hadde tilhandla seg, c. brn. 4 Gammeldøssetra, som var selt til Ole Brandser, d. brn. 5 Kinnlistuen, som Bernt O. Døsrønningen hadde kjøpt, e. brn. 6 Kinnlislien, som redaktør J. Enger hadde tilhandla seg, f. brn. 7 Sameieskog, som fru Lindstad hadde overtatt.

Av handlar i seinare tid med Kinnlien og/eller parseller av garden tek vi vidare med at i 1909 kjøpte så Andreas Kr. Aasen frå N. Ål grn. 20 brn. 1 Kinnlien, da av skyld 2,26 mark, og samtidig kjøpte fru Inger Ødegaard grn. 20 brn. 8 Øverkinnlien skog av skyld 1,80 mark. Seinare kjøpte så Adolf Berg brn. 9 Stortjernstykket; Harald Rugsveen kjøpte brn. 10 Bentsveen og brn. 11 Kindlistykket (Bergesveen) vart selt til Ole Viste.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 tre bruksnummer under gardsnr. 20 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei tre bruk var: a. Grn. 20 brn. 1 Kinnlien med eit jordbruksareal på ca. 85 mål, som Andreas K. Aasen framleis var eigar og brukar av, b. grn. 20 brn. 5 Kindlistuen, jordbr. areal ca. 50 mål, som Bernt Kindlistuen var eigar og brukar av, c. grn. 20 brn. 10 Brubakken, jordbr. areal ca. 10 mål, som Kristian Brubakken var brukar og eigar av.